



Fløysand Va AS
Fløksand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16158 - 20/61610

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.no
o

Dato:
30.09.2020

Varsel om dokumenttilsyn med føretak Fløysand VA - sak 20/16158

Saksnummer: 20/16158
Tiltak: Tilsyn med foretak
Gbnr: 357/33 m.fl.
Ansvarleg søkjar: Jens H.N.Bjordal
Ansvarleg utf.: Fløysand VA

Kommunen ynskjer ein nærare gjennomgang av aktuell dokumentasjon når det gjeld foretaket ditt i forbindelse med søknad om byggeprosjekt på gbnr 357/33 m.fl.

Kva må du gjera?

Vi ber deg senda følgjande dokumentasjon til post@alver.kommune.no:

- Dokumentasjon på utdanning/praksis for godkjenningssområde som gjeld prosjektering av avløpsanlegg i tiltaksklasse 1, jf. SAK10 § 11-3.
- Føretaket si rutine for å ta vare på føresegner i SAK10 § 10-1 bokstav a, kvalitetssikringsrutiner for å sikre at prosjektering og utførelse av tiltaket vert utført i samsvar med byggtknisk forskrift.
- Føretaket sine sjekklister for oppfølging og kontroll i samsvar med sporing til lovkrav / produksjonsunderlaget jf. SAK10 § 12-4 bokstav a. Dokumentasjon på sporbarhet mellom prosjektering og utførelse i følgjande pågåande byggesaker der Fløysand VA er prosjekterande og utførande føretak: saknr; 20/15111, 20/15107 og 20/15112.
- Føretaket sine rutinar for å identifisere avvik, behandle og lukke avvik jf. SAK10 § 10-1 bokstav d.
- Oversikt over eventuelle avvik som føretaket har oppdaga og lukka, samt utgreiing for å hindre gjentaking i innsendte søknader til Alver kommune. Dokumentasjon gjeld byggesaker med saknr: 20/15111, 20/15107 og 20/15112.

Alle innsendte dokument skal vere på eit skandinavisk språk.

Frist for innsending av dokumentasjon

Dokumenta må sendast kommunen innan 2 veker frå datoen på dette brevet. Husk å referera til saksnummeret for tiltaket.

Regelverk for tilsyn

Kommunane skal føre tilsyn med at føresegnene i plan- og bygningslova vert halden i kommunen, jf. plan- og bygningslova (PBL) § 25-1 (1). I samsvar med byggesaksforskrifta (SAK10) § 1-3 (1) kan kommunen krevje alle dei opplysningar som er naudsynte for tilsyn.

Har dykk spørsmål om tilsynet?

Dersom noe er uklart, eller dykk har ytterligere spørsmål, kan du ta kontakt direkte med saksbehandlar på per.sveinar.morsund@alver.kommune.no.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fløysand Va AS

Fløksand

5918 FREKHAUG